

Festivalen-leiinga oppmodar i eit nabovarsel om at dei som kan køyrar Døsslandssido så lenge arrangementa på Dønhaug varar, Kjerlandssido kan eventuelt nyttast einvegskøyrd ned dalen.

Mellom klokka 01 og 02 om natta vert Kjerlandssido stengt frå brua til Myklebustsvingen grunna bussoppstilling. Bussane tek oppstilling i vegen og køyrer publikum heim ca. klokka 01.30.

Det heiter i nabovarselet at noko av arrangementet vert av det stillfarande slaget og noko med full musikk utandørs.

Fredag ettermiddag og ventelag heile laurdag vert det truleg stor biltrafikk og mykje vandrane publikum i Uskedalen. Parkering skal vera på grusbanen.

Det vert høg musikk frå Dønhaug frå klokka 16 til 01 begge dagar og helikoptertrafikk over sentrum og til Storhaug på dagtid laurdag.

Spørsmål knytt til tryggleik, støy, trafikk og liknande før festivalen kan rettast til tryggleikssjef Kjetil Johnstad på 900 87 221

Dette er nabovarselet dag for dag:

Torsdag 1. august

Arrangement om ettermiddagen for barn og ungdom i Helgheim, Aktivitetshuset, Sandakaien, Uskedalen skule og stemneplassen.
Om kvelden vert det føredragskro for vaksne i Gamleskulen.
Nesten alle desse aktivitetane føregår innadørs og det er ikkje venta korkje stor trafikk eller støy.

Fredag 2. august

Framhald i arrangementa for barn og ungdom.
Stort næringsseminar kl. 14 i Aktivitetshuset.
Musikkfestivalen tek til på Dønhaug om ettermiddagen.
Camp på bakken ved ridebanen til Dønhaug.

Laurdag 3. august

Festivalen og Systrene Nilsen har arrangement og friluftscene på Sandakaien om føremiddagen.
Festivalen og Kvinnherad Turlag har fottur frå grusbanen over Halsane til Storhaug kl. 11.
Musikkfestivalen held fram på Dønhaug kl. 16.00 – 01.00.

Festivalen vil ha god tryggleik for publikum, artistar, frivillige og naboar. Under arrangement der det er venta mykje publikum er det vakter til stades, både nær scena men også i bygda elles. Om det oppstår uønskte situasjonar undervegs i festivalen kan du ta kontakt med ein av vaktene eller direkte til vår tryggleikssjef